

Advokatene  
Rognlien, Djønne & Co  
Medlemmer av Den norske advokatforening

info-no@wikimedia.org

I kontorfellesskap:  
Knut Rognlien  
Eirik Djønne  
Thor Gardarsson  
Ann-Cathrin Marcussen  
Silje Stenvaag  
Morten Solberg  
Hans Marius Graasvold  
Adv.fullm.:  
Ola-Kristian Hoff

**Pb. 6878 St. Olavs plass  
0130 Oslo**

Deres ref.

Vår ref.

Oslo, 3.1.2011

Ansvarlig advokat:  
Hans Marius Graasvold

## Opphavsrettskrenkingar på Wikipedia

Underteikna hjelper Allkunne AS, som driv det nynorske digitale oppslagsverket [www.allkunne.no](http://www.allkunne.no). Allkunne AS er eit selskap eigd av Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum.

### I. Krenkjande bruk av artikkel frå Allkunne

Allkunne er gjort kjent med at det på Wikipedia nynorsk og Wikipedia bokmål ligg ute ein artikkel om Arve Brunvoll, sjå

vedlegg 1: skjermdump av artikkelen.

Dei to artiklane på Wikipedia er identiske med artikkelen til Allkunne om Brunvoll, sjå

vedlegg 2: samanstilling av dei tre artiklane.

Artikkelen på Allkunne blei første gongen publisert 3.9.2009 og er skriven for Allkunne av Per Halse. Før publisering blei artikkelen vurdert redaksjonelt og språkvaska av Allkunne.

Artikkelen på Wikipedia nynorsk blei først lagd ut av ein person med IP-adressa 85.165.88.238 den 5.6.2010 og er dd. sist oppdatert 16.7.2010. Artikkelen på Wikipedia bokmål blei lagd ut 15.7.2010 av ein annan brukar, og er sist oppdatert 30.7.2010.

Artikkelen til Halse er opphavsrettsleg verna og kan ikke nyttast av andre utan samtykke på førehand, jf. åndsverklova § 2. Slikt samtykke er ikkje gitt, verken av Allkunne eller Halse. Vidare skal det opplysast om både opphavsmann og opphavleg utgivar/kjelde, i tråd med god skikk ved attgiving av verna verk, sjå åvl. § 3 jf. § 11. Artiklane til Wikipedia inneheld inga form for kreditering.

## II. Systematisk krenkjande gjenbruk av Allkunne som kjelde

Ved vidare samanlikning av artiklar frå Allkunne og Wikipedia nynorsk og Wikipedia bokmål er det påvist fleire tekster på Wikipedia nynorsk som er svært like artiklane på Allkunne om same person. Desse tekstene er alle skrivne av same brukar:

<http://nn.wikipedia.org/wiki/Brukar:Eirik>. Det blir oppgitt at vedkomande er administrator for Wikipedia nynorsk og Wikipedia bokmål/riksmål.

Det er ikkje tale om direkte avskrift, men ei omskriving der førelegget lett kan identifiserast. Dette gjeld både i oppbygging av tekst og enkeltformuleringar. I desse tekstene finn ein setningar som er identiske med setningar frå artiklane på Allkunne, utan at identiske setningar er markerte som sitat med sluttnote. Som døme nemner vi følgjande tekst om Ann Kavli

Frå Allkunne:

«Ann Kavli har fått ros av kritikarane for original og personleg språkkunst. Ho skriv knappe og tette kortdikt med uventa biletkombinasjonar og stilblandingar [...]»

Frå Wikipedia:

«Kavli skriv knappe og tette kortdikt med uventa biletkombinasjonar og stilblandingar, der humor og alvor ikkje ligg langt frå kvarandre. Kritikarane har gjeve henne ros for original og personleg språkkunst. [...]»

Går ein inn på vedkomande brukar, blir det gitt ei oversikt over kva artiklar og emne han skriv om. Han har omskrive fleire tekster frå Allkunne, sjå til dømes artiklar frå Allkunne og Wikipedia nynorsk om Alv Askeland, Anders Folkestad, Anders Aschim og Andreas Austlid.

Det er grunn til å understreke at sjølv om forfatteran av desse tekstene har oppgitt Allkunne som kjelde, er dette likevel ei klar krenking av opphavsretten til Allkunne, jf. punkt III nedanfor. Avskrift av enkeltsetningar, eller så nær omskriving av setningar at det framstår som parafrasar over førelegg som kan identifiserast, representerer også ei krenking av åndsverklova, som vernar verket i både opphavleg og bearbeidd form, jf. åvl. § 2 første ledd.

### **III. Oppsummering**

Dei omtalte tilhøva dokumenterer at Wikipedia systematisk bruker tekstar frå Allkunne ulovleg. Dette skjer både gjennom direkte avskrift og ulovleg publisering av omskrivne tekster. Vi understrekar at forfatarane av dei aktuelle tekstene, som er publiserte av Allkunne, har skrive desse for Allkunne, og det er ei klar heimelskjede mellom dei aktuelle forfatarane og Allkunne.

Allkunne reagerer sterkt på ein slik praksis. Det er ikkje gitt naudsynt samtykke til den aktuelle bruken, verken av Halse eller Allkunne. Det er heller ikkje kreditert i samsvar med krava i åndsverklova. Som nemnt ”reparerer” ikkje kreditering av opphavsmann/kjelde ei lovskrenking dersom bruken i alle høve er ulovleg etter dei andre reglane i åndsverkslova, til dømes fordi samtykke ikkje er gitt.

### **IV. Krav**

Skade som kjem av brot på reglane som er nemnde ovanfor, kan krevjast erstatta etter allmenne erstatningsrettslege reglar, jf. åvl. § 55. Ved erstatningsutmålinga blir det normalt teke omsyn til kva som elles ville vore kravt som vederlag for bruken i tillegg til eit pønalt påslag. I tillegg kjem oppreising for ikkje-økonomisk skade, jf. åvl. § 55 første ledd andre punktum.

På vegne av Allkunne blir det sett fram eit krav på kr 25 000 som erstatning for den ulovlege bruken, og kr 50 000 som oppreising for ikkje-økonomisk skade, til saman kr 75 000.

Vi krev også at alle utgifter Allkunne AS har hatt i samband med saka vert dekte av Wikipedia.

Vidare blir Wikipedia utan ugrunna opphald beden om å fjerne dei omtalte artiklane frå sidene sine. Vi minner i denne sammenhengen om det ansvaret som Wikipedia har etter EUs e-handelsdirektiv art. 14 for å fjerne ulovleg innhald etter at ein er blitt gjort merksame på slikt innhald. Dette inneber også ei viss plikt til sjølv å undersøkje aktivt i kva mon til dømes same brukar eller andre brukarar innanfor same fagfeltet kan ha publisert anna ulovleg innhald. Dette gjeld også sjølv om Wikipedia er ein aktør med hovudsete utanfor Noreg.

Vi ventar eit snarleg svar, seinast innan 17.1.2011. Saka blir sett på som alvorleg og vil bli følgd opp rettsleg dersom det ikkje lykkast å få til ei minneleg løysing.

Vi ber om at førespurnader i saka blir retta til underteikna.

Med venleg helsing

Hans Marius Graasvold (sign.)  
advokat